

Notat

Til: Hovudutvalet for opplæring

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Auka gjennomføring - overgang frå vg2 til vg3 i bedrift

Bakgrunn:

Både nasjonalt og lokalt er det sterke føringa på å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

Av dei som vel eit yrkesfagleg utdanningsprogram er overgangen frå vg2 til vg3 bedrift den mest kritiske når det gjeld fråfall. Berre 40 % av dei som byrjar på vg1 yrkesfag fullfører med fag-/sveinebrev i løpet av 5 år.

Det er eit klart potensiale for å betre formidlingsprosessen – særleg med omsyn til tidspunkt for avtale om lærekontrakt.

Fylkesdirektøren har i mange år arbeidd med å forbetre og framskande formidlingsprosessen utan at ein kan seie å ha lukkast i særleg grad.

Talet på søkjarar som ikkje har fått læreplass innan skulestart i august har vore relativt konstant og er altfor høgt. Dette er først og fremst uheldig for den einskilde søkjar som vert gåande i uvisse i høve til læreplass. I tillegg gjev det eit negativt og feilaktig bilete av formidlingssituasjonen på nasjonal statistikk og omdømmet til yrkesfaga. I realiteten har 90 -95 % av søkjarane vote formidla innan oktober –november.

Med Kunnskapsløftet var faget Prosjekt til fordjuping innført. Ein hadde store forventningar til at dette skulle verte ein god reiskap i å knyte kontakt mellom elevar og aktuelle lærebedrifter og såleis gjere formidlingsprosessen raskare og enklare.

Forventningane har ikkje vorte innfridde i så stor grad som ein håpa. Dette kan ha mange ulike forklaringar. M.a. at mange bedrifter har tradisjon for at dei vil gjere seg ferdig med ein lærling før dei skriv kontrakt med ein ny. For ein del bransjar kan usikkerheit knytt til oppdrag og aktivitet for kommande år vere ein medverkande faktor for å utsetje kontraktsinngåing. Kravet om bestått eksamen har også vore eit argument for å vente til etter ferien med å tilsetje lærling.

Når ein inngår avtale om lærekontrakt er det fullt høve til å bestemme starttidspunkt for kontrakten til t.d. etter ferien, og ein kan ta atterhald om bestått eksamen.

Tiltak som er utprøvde:

Miniprojekt med nokre skular:

I 2007 initierte fylkesdirektøren eit prøveprosjekt med nokre skular og programområde, der skulane skulle ha særleg fokus på å formidle elevar til læreplass gjennom faget Prosjekt til fordjuping. Forsøket var innafor programområda barne- og ungdomsarbeidarfaget, helsearbeidarfaget og design og tekstil. For barne- og ungdomsarbeidar og helsefagarbeidar (veldig få som ønskte læreplass) fungerte dette godt. Alle fekk læreplass. For design og tekstil var (og er) situasjonen at det nesten ikkje finst aktuelle lærebedrifter.

Resultatet av forsøket blei forsøkt implementert på fleire skular og på fleire utdanningsprogram utan at ein lukkast i same grad. Dette kan kanskje forklarast noko med at fylkesdirektøren ikkje hadde same tette oppfølging som i prosjektet.

Fagnettverk:

I samband med innføringa av Kunnskapsløftet la fylkesdirektøren til rette for å opprette fagnettverk i takt med innføringa av vg1, vg2 og vg3. I mandatet for fagnettverka på vg3 var det presisert at opplæringskontor og bedrifter skulle delta, og at m.a. Prosjekt til fordjuping og formidling burde vera tema i nettverksarbeidet. Kvar skule skulle byggje opp lokale nettverk i tilknytning til dei ulike yrkesfaglege utdanningsprogramma.

Desse nettverka fungerte i varierende grad.

Fylkesdirektøren la så føringar på at det skulle opprettast fylkesvise nettverk for alle dei yrkesfaglege utdanningsprogramma, og ansvaret for kvar nettverk vart lagt til ein skule og eitt opplæringskontor med felles ansvar. Deltakarar i fylkesnettverka vil naturleg vera representantar frå dei lokale nettverka.

Ekstramidlar til fagopplæring:

I samband med finanskrisa fekk fylkeskommunen i 2009 overført midlar til ekstra stimulering og oppfølging av fagopplæringa. Etter råd frå fagopplæringsnemnda vart ein del av midlane sett av til stimuleringstilskot (kr 15.000 pr. lærling) til lærebedrifter som hadde teikna lærekontrakt med ein lærling med ungdomsrett innan 1.juli. Dette hadde ein god effekt, særleg hjå ein skilde opplæringskontor. Dette synleggjorde m.a. at det er mogeleg å få til formidlinga før fellesferien.

Ekstramidlane til fagopplæring vart vidareført også dei kommande åra, men fagopplæringsnemnda valde å nytte dei til andre tiltak enn tidleg formidling. Bakgrunnen for det var at ein fekk signal frå fleire om at det burde vera unødvendig med ekstra «betaling» for å inngå tidleg lærekontrakt. Det bør vere i bedriftene si eiga interesse å «sikre seg» lærlingane tidleg.

Holdningsskapande arbeid:

Fylkesdirektøren har ved mange høve formidla til skulane og opplæringskontora kor viktig det er, ikkje minst for søkjarane at prosessen med formidling blir skunda fram i tid. Det er samstundes svært viktig for omdømmet til dei yrkesfaglege utdanningane at arbeids- og næringsliv føl opp sin del av Samfunnskontrakten, og at ein ikkje får negative medieoppslag om dårleg formidling.

Ny inntaks- og formidlingsforskrift:

Frå 01.09.13 vart det innført ny inntaks og formidlingsforskrift. Der blir det slege fast at dei som ikkje har fått lærekontrakt innan 1. september skal ha tilbod om alternativt vg3 i skule. Denne endringa vart kommunisert til skular og opplæringskontor, men likevel synte det seg at formidlinga ikkje gjekk raskare enn tidlegår år. 15.august stod ca. 150 søkjarar att utan tilbod om lære plass.

Fellesmøte mellom aktørane:

Den 23. oktober 2014 vart det gjennomført fellesmøte mellom hovudutval for opplæring, fagopplæringsnemnda, opplæringskontora, rektorane ved dei vidaregåande skulane, elev- og læringsrepresentantar. Målsetjinga med dette møtet var å diskutere korleis ein i fellesskap kan få til betre formidling og auka gjennomføring.

Kvalifisering:

Den nye inntaksforskrifta forsterkar også kravet om å vere kvalifisert for å bli flytta frå eitt nivå til neste. For elevar i vg2 som skal søkje lære plass er det krav om å ha bestått alle fag på vg1 og vg2, men det kan gjevast dispensasjon for stryk (karakter 1) inntil 2 fellesfag. Det er sett i gong fleire tiltak for å sikre at flest mogeleg kvalifiserer seg både på vg1 og vg2 :

1. FYR – Fellesfag – Yrkesretting – Relevans
Gjennom å yrkesrette og gje innhaldet i fellesfaga relevans for framtidig yrke vil truleg motivasjonen for faga bli betre og dermed påverke resultatata i positiv lei for alle elevar. Dette kan igjen føre til auka gjennomføring.
2. Oppfølging av kartleggingsprøvar
Skulane kan få midlar frå fylkesdirektøren til oppfølging av elevar som skårar lågt på kartleggingsprøvene (matematikk, engelsk og lesing)
Fylkesdirektøren tilbyr også m.a. skulane opplæring i metodar for auka leseforståing- noko som vil påverke læringsutbyttet i alle fag.
3. Møte med elevar som står i fare for å ikkje kvalifisere seg

Fylkesdirektøren sender skulane oversikt over elevar som har karakteren 1 eller ikkje vurdering (IV) i 1. termin. Skulane kallar inn elev og føresette når eleven har stryk eller ikkje vurdering i fag i 1. termin. Det blir samtale om korleis eleven kan kvalifisere seg og kva skulen kan leggje til rette for.

4. Sommarskule i matematikk og naturfag
Elevar som ikkje får bestått i matematikk og/eller naturfag på vg1får tilbud og blir oppmoda om å delta på sommarskule i desse faga for å kvalifisere seg.
5. Læreplasskurs
Elevar som søker læreplass etter avslutta vg2, og som ikkje er kvalifiserte, blir ikkje formidla. Dei får tilbud om kvalifiseringskurs før dei kan formidlast. Fylkeskommunen fekk i 2014 statlege midlar til å prøve ut ulike kvalifiseringstiltak, m.a. læreplasskurs. Av 18 søkjarar som fekk tilbud var det 7 som takka ja til tilbudet. For dei som deltek på kurset ser det ut til å vera eit vellukka opplegg.
6. Intensivkurs kroppsøving

Betre formidlingsprosess:

Arbeidet med å få til betre og raskare formidlingsprosess fortset. Fylkesdirektøren arbeider aktivt ut mot opplæringskontora og dei vidaregåande skulane for at ein i fellesskap skal få til betre formidling.

Gjennom besøk til dei vidaregåande skulane med yrkesfag, minner fylkesdirektøren om kor viktig det er med samarbeid med lokalt arbeids- og næringsliv gjennom å byggje opp velfungerande lokale nettverk innan dei ulike utdanningsprogram og bransjar. Lokal nettverksbygging er forankra gjennom opplæringskontora og deira medlemsbedrifter. Gjennom det lokale nettverksarbeidet ønskjer ein å nytte potensialet som ligg i faget Prosjekt til fordjuping m.a. med tanke på å velje rett yrke, bli motivert for gjennomføring og formidling til læreplass. Gjennom besøka får fylkesdirektøren betre innsyn i korleis faget PTF vert praktisert på dei ulike skulane og utdanningsprogramma, og kan gje råd og rettleiing til dei som ønskjer det. M.a. er det viktig å sikre at formalkrava og intensjonane med faget vert følgt.

Dersom faget PTF fungerer etter intensjonane vil det vere ein viktig reiskap i formidlinga. Skulane bør i størst mogeleg grad bruke godkjende lærebedrifter til utplassering i faget, og i samarbeidsavtalar/partnarskapsavtalar bør det liggje klare forventningar om at bedrifta skal ta inn eleven som lærling. Fylkesdirektøren ber skulane om å styrke arbeidet med dei lokale nettverka m.a. ved å få bedriftene meir aktivt med på å forme innhaldet i dei lokale læreplanane for faget PTF.

Fylkesdirektøren vurderer å forplikte skulane i formidlingsprosessen og ser på rutinar der skulane aktivt får eit ansvar for elevar som står utan læreplass etter gjennomført vg2.

Gjennomføring- tett på:

Som ei vidareføring av Ny Giv satsinga har fylkeskommunen får tilført statlege midlar til å arbeide vidare med auka gjennomføring. Det er tilsett 2 prosjektmedarbeidarar der den eine arbeider tett opp mot skulane og den andre følgjer tett opp lærlingar i bedriftene. Uavhengig av prosjektmidlane vil fylkesdirektøren prioritere tettare oppfølging av lærlingar og lærebedrifter m.a. gjennom fleire besøk.